

Oversikt over søkjarar med grunngjeving for vedtaket.

Nr.	Søkjar	Prosjektnamn	Totale utgifter	Søknadssum	Kort om tiltaket/prosjektet	Tilråding	Grunngjeving
1	Etne kommune	Bibliotekets bokklubb	2500	2500	Vil etablere ein bokklubb for dei mellom 0-13 år, og søker om midlar til profilering. Målet er å spreie leseglede og auke engasjementet rundt bibliotek og bøker.	2500	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Eit tiltak som kan stimulere til leselyst og nå ut til eksisterande og nye brukargrupper.
2	Høyanger bibliotek	Økt leselyst hos barn-unge	40 000	30 000	Søker om tilskot til å oppgradere innreiinga i barneavdelinga med nye møblar og utstyr for å auke leselyst hos barn og unge.	0	Tiltaket oppfyller ikkje vilkåra for støtte. Manglar tilstrekkeleg informasjon med bla. plan for korleis midlane skal bidra til å oppfylle målsettinga.
3	Strilabiblioteket, Alver kommune	Vestlandet sitt flytande litteraturhus	2 380 000	30 000	Søker på vegne av 25 kommunar i Vestland om tilskot til promotering av litteraturfestival som vil reise frå kommune til kommune i den tidlegare bokbåten Epos.	25 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Mange samarbeidspartar gir god geografisk spreining og når mange med litteraturformidling i Vestland fylke.
4	Stad kommune	Utstyr til digital formidling	15 000	15 000	Søker om utstyr til å styrke kompetansen og tilby digital formidling av bøker, litteratur og aktivitetar i biblioteket.	12 500	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Biblioteket får prøvd ut litteraturformidling på digitale flater og tiltaket vil bidra til kompetanseheving i biblioteket.
5	Samnanger kommune	Born badar i bøker	20 000	20 000	Søker om midlar til å kjøpe inn rekvisittar og bøker for å drive oppsøkande litteraturformidling retta mot barnehagar.	0	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga, men når ikkje opp i konkurranse med dei øvrige søknadene.
6	Stord kommune	Nye bibliotekprosjekt på Stord	30 000	30 000	Søker om støtte til fleire arrangementssatsingar ved biblioteket, både fysiske og digitale.	13 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Rettar seg mot ulike målgrupper, og er planlagt ut frå lokale behov.
7	Kvam kommune	Samskaping i litteraturen	30 000	30 000	Søker om støtte til skrivekurs og tekstproduksjon med deltakarar	22 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Utviklar eit nytt

					frå «ROP-miljøet». Tekstane vil bli nytta i markering av Verdsdagen for psykisk helse. Tiltaka er eit samarbeid med Grannehjelpa (Frivilligsentralen i Kvam) og ROP (avdeling for rus og psykisk helse i Kvam).		litteraturtilbod i samarbeid med sentrale aktørarar og nettverk i kommunen.
8	Voss bibliotek	Innsida ut	200 000	30 000	Søker om støtte til innkjøp av teknisk utstyr til digital formidling av biblioteket sine samlingar. Prosjektet er i samarbeid med elevar og lærarar i ungdomsskule, og skal utveksle kompetanse mellom bibliotekarar og elevar.	20 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Eit nyskapande prosjekt og del av ei større satsing der bibliotek og skule skapar saman.
9	Askøy kommune	Produksjon av «Polarnatt»	40 000	30 000	Vil utvikle ein produksjon og eit undervisningsopplegg med utgangspunkt i ungdomsromanen «Polarnatt» i samarbeid med flyktingtenesta og elevar i målgruppa.	25 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Bidreg til kompetanseheving i biblioteket, og etablering av samarbeid med sentrale aktørarar og nettverk i kommunen.
10	Lærdal kommune	Lokalhistorisk samling - ein del av biblioteket si samling	45 000	30 000	Søker om støtte til å integrere ei lokalhistorisk samling med biblioteket si samling. Prosjektet er i samarbeid med Lærdal historielag.	0	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga, men når ikkje opp i konkurranse med dei øvrige søknadene.
11	Øygardsbiblioteka	Kompetanseheving innan teknisk produksjon ved Øygardsbiblioteka	48 000	30 000	Søker om å styrke kompetanse innan teknisk produksjon og streaming av arrangement for å vidareutvikle bibliotekscena.	20 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Biblioteket får prøvd ut livesending på digitale flater og tiltaket vil bidra til kompetanseheving i biblioteket.
12	Ullensvang bibliotek	Frikjøp av personell til ymse arrangement 2021	34 999	30 000	Søker støtte til to faste arrangementstilbod; barnebokbad og te-salong med høgtlesing av litteratur.	15 000	Tiltaka er i tråd med formålet for ordninga. Gjev eit nytt og utvida bibliotektilbod til lånarane.
13	Fedje kommune	Ungdom inn i biblioteket	30 000	30 000	Søker støtte til å tilsette ein ungdom som konsulent, for å gjere biblioteket attraktivt for ungdom.	0	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Når ikkje opp i konkurranse med dei øvrige søknadane.

14	Sogndal kommune v/ Sogndal bibliotek	Leselyst hjå dei små	21 500	20 000	Søker støtte til oppsøkande verksemd og utvikling av informasjonsmateriell til bruk på helsestasjonar og i barnehagar for å stimulere til bruk av biblioteket, fremje gode lesevanar og språkutvikling hos sårbare småbarnsfamiliar.	0	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga, men når ikkje opp i konkurranse med dei øvrige søknadane.
15	Årdal kommune	Litteraturfestival i nasjonalparken	53 280	30 000	Søker støtte til å etablere ein litteraturfestival i nasjonalparken Jotunheimen i samarbeid med Årdal turlag og Skogadalsbøen Turisthytte (DNT).	25 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Eit nyskapande prosjekt med litteratur som inngang til naturopplevingar. Utvikling av nye samarbeid står sentralt i prosjektet og litteraturfestivalen skal vurderast som eit fast arrangement.
16	Stryn bibliotek	Med biblioteket inn i framtida - kompetanseutvikling i Stryn	30 000	30 000	Søker støtte til kartlegging av behov blant innbyggjarane for å kunne tilpasse og vidareutvikle biblioteket. For å auke kompetansen vil dei legge opp til studietur og erfaringsutveksling med andre bibliotek.	20 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Får eit godt kunnskapsgrunnlag for å tenkje nytt om bibliotekverksemda i kommunen.
17	Bremanger kommune	Eit bittelite Deichman i distriktet. Del 1: tilgjengelighet	30 000	30 000	Søker støtte til innkjøp av innleveringsskap for å lette retur av lånt materiell utanom opningstid.	0	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga, men når ikkje opp i konkurranse med dei øvrige søknadane.